



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Mats Korneliussen / 99341206

Vår referanse:
16/146305-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
26.09.2016

Vurdering av skilting ved nedlagt skule i Lindås kommune

Vi skal begynne å vurdere fartsgrense og skilting ved nedlagte barneskuler i Hordaland. Dette gjelder i hovudsak skilting og fartsgrenser som er blitt etablert som følge av normal drift av skulen og med omsyn til skulebarn sin trafikksikkerheit.

Vi har registrert følgjande nedlagte skuler i Lindås kommune:

1. Festo skule

Det er særleg viktig for oss at fartsgrenser og annan skilting blir gjort på ein konsekvent måte som er forståeleg og i samsvar med omgjevnaden for trafikantane. Når det skjer endringar – som ved nedlegging av skuler – ynskje vi å vurdere behovet for den eksisterande skiltinga.

Vi ynskje å invitere representant(ar) frå kommunen til å delta på ein synfaring ved Festo skule for å vurdere fartsgrense og skilting. Vi ynskjer gjerne informasjon om eventuelle bruksendringar ved den nedlagte skulen eller om det er framtidige nærliggjande planer for bygget.

Vi håpar dykk har anledning til å delta på synfaringa ein av dei føreslegne datoane under:
Torsdag 27. oktober eller fredag 28. oktober.

Vennlig gje snarleg tilbakemelding – seinast innan **10 oktober** – om dykk ynskje å delta på synfaring og kva slags dato som passar.

Dersom det er nokon spørsmål kan sakshandsamar kontaktast.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonssjef

Mats Korneliussen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.